



# Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 2 Desember 2021 | 98. ÅRG.



*Vi ynskjer alle ei velsigna  
adventstid og ei god jul!*



# Engleverkstad i kyrkjene

*I november og desember har vi hatt glede av å invitere 7-åringane til engleverkstad i samband med lysmessene i kyrkjekrinsane.*



*Flinke 7 åringar og hjelpsame vaksne.*


Engleverkstad er eit heilt nytt tiltak på trusopplæringsplanen. Sjølve verkstaden er eit bord i kyrkja med alt utstyr ein treng for å lage flotte papirenglar, som 7-åringane kan ta med seg heim etterpå.

Med tanke på lange reiseavstandar og fleire lysmesser same søndag måtte vi finne ulike måtar å gjennomføre engleverkstadane på. Løysinga vart å ha engleverkstadane anten før, etter – eller som del av lysmessa, noko som fungerte veldig fint. Det var også flott at fleire vaksne var med då det var behov for nokre ekstra hjelpande hender.

7-åringane såg ut til å kose seg i engleverkstaden. Kreativiteten blomstra, og dei produserte flotte papirenglar som det garantert ikkje fins maken til! Gjennom lysmesse og engleverkstad fekk dei også lære meir om stjerna, englane, og vismennene si rolle i juleevangeliet.



*Kreativiteten blomstra i engleverkstaden.*



*Det vart flotte resultat!*



*Det blei jobba med stor konsentrasjon.*



*Stemningsfullt med englar i krybba!*



*Glade og fargerike englar!*

# ANDAKT

## EI KROPPSLEG JUL

*Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.*

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til finger-spissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølvve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møte oss alle i kyrkja, er det grunn



**Foto: Geir Møller**

god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møte deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!

**Halvor Nordhaug**  
**Biskop i Bjørgvin**




**Har dere rom for en til i familien?  
Nå er det behov for flere fosterhjem  
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Sunnfjordområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

[fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)



# SAMAN på hjul!

Konfirmantane frå Askvoll møtte Farmen-presten Thor Haavik

*Å vere konfirmant i korona-tida har ført med seg at ein del aktivitetar har blitt avlyst, medan andre aktivitetar har kome inn. Eit nytt tilbod som årets konfirmantar fekk, var eit møte med SAMAN-teamet. Dei har vore på turne rundt omkring i heile bispedømmet for å møte ungdomar til inspirerende kveldar med god musikk, fokus på fellesskap, kjekke aktivitetar og tid til viktige spørsmål.*




*Ikkje noko å seie på stemninga då konfirmantar frå Askvoll og Fjaler fekk møte Farmen-presten Thor og SAMAN-teamet! I midten med mikrofon: Anine Vieth Mildestvedt, ungdomsrådgjevar i Bjørgvin bispedømme, og drivkraft bak SAMAN-turneen.*

Samlinga som konfirmantane våre fekk vera med på, var på Alværa misjonssenter ved Sognefjorden, nær Lavik.

Alle konfirmantane frå Askvoll og Fjaler var invitert til å vere med denne kvelden, der også Thor Haavik var med for å møte konfirmantane. I tillegg til at han er aktiv og tilbyr innhald på internett på ulike måtar, arbeider Thor i dag som kapellan i Salhus menighet nær Bergen. Men mest kjent er han nok som Farmen-presten, då han har vore deltakar i ein sesong av reality-serien Farmen på TV2. Thor vant ikkje denne sesongen, men gjorde likevel sterkt inntrykk på mange, ikkje minst dei han var på Farmen med. Men på også landets tv-sjåarar.

SAMAN-teamet kom til Alværa 20. oktober under leiing av Bjørgvin bispedømme sin ungdomsrådgjevar, Anine Vieth Mildestvedt. Ho leia programmet heile kvelden, heldt oversikt, og batt det heile fint saman. Etter opningsshow var det tid for ulike aktivitetar der spørsmålet om rettferdigheit var den røde tråden. Etter eit godt måltid vart det heile avslutta med ei flott ungdomsgudsteneste, under leiing av Farmen-Thor. Han tok føre seg spørsmål som:

- Finst det gode grunnar for å tru på Gud?
- Har du nokon gong tenkt over kor du høyrer heime?
- Kan kyrkja vera ein heim?



*Kvelden vart avslutta med ei ungdomsgudsteneste der Thor Haavik snakka om gode grunnar for å tru på Gud.*



*SAMAN-teamet bidrog med super musikk og song gjennom store deler av tida vi var saman.*

Gudstenesta var særleg prega av at det var eit drivande dyktig band som spelte, og dei hadde med seg forsongarar som drog oss alle med i salmesongen. Det vil seie, det var slett ikkje berre salmar, men også nyare kristne songar som konfirmantane fekk vere med på. Sjølv sagt måtte spelelista frå kvelden delast med ungdomane som var der, slik at dei også kunne få tonane med seg vidare.

Noko av det siste vi fekk med oss før det var tid for å gå til bus-sen som skulle føre oss heim, var omkvedet frå «Du tar meg imot (Sett – avslørt og elsket)» av Mari Tesdal Hinse og Karoline Arnesen. Lytt gjerne til den! Du finn den på ulike strøymetenester på nett:

*«Du tar meg imot  
med alt som er vanskelig å bære  
Du tar meg imot med alt som er  
vanskelig å være  
Jeg er sett, avslørt og elsket  
I alt jeg tenker og gjør og er,  
Gud du går med meg her  
Jeg er sett, avslørt og elsket»*



*Kvifor ikkje nytte høvet til eit bilde med Farmen-presten når han først er på besøk?*

# Med Thor på tråden

*Hei frå Askvoll, og takk for sist – det var for oss ein flott kveld saman med deg og teamet! Kva inntrykk sit igjen hos deg etter å ha vore saman med konfirmantane frå Askvoll ein kveld?*



*Thor Haavik.  
Foto: Den norske kyrkja.*

– Sjølv takk for sist! Eg sit att med ein veldig bra følelse, vi hadde skikkeleg fin kontakt! For meg var det veldig flott å få snakka med dei om det som vi tok opp den kvelden. Faktisk så skriv eg i ei bok kvar kveld, om høgdepunkt frå dagen. Og på den dagen har eg skrive: Denne kvelden gjekk veldig bra! 😊 Eg opplevde at konfirmantane var skikkeleg med på songane og opplegget elles, dei var ein engasjert og lydhøyr gjeng. Så var det også kjekt for meg å få delta i aktivitetar saman med dei, og jammen vart det leir-dans på oss også. Stas!

Og så har eg tenkt på at eg håpar alle tok utfordringa som eg gav dei den kvelden: Om å avslutte dagen med å be kveldsbøn. Du veit, fortelle Gud om vanskelige ting, takke for det som har vore bra, kanskje be Gud tenke på menneske som ein har møtt.

– *Du har jo vore på ein omfattande turne i haust, og møtte mange ungdommar og konfirmantar som endeleg fekk koma saman etter nedstengingar. Kva står igjen etter turneen?*

Eg opplevde at eg møtte mange ungdommar som gav ein levande respons på det vi var saman om, og på det som vart sagt. Eg opplevde at mange møtte oss på ein måte som at det vi og kyrkja hadde på hjartet angjekk dei. Det fortel meg at ungdomane såg på budskapet og innhaldet som noko truverdig og ekte.

– *Thor Haavik, du er ikkje berre prest og forkynnar, men når ut også i fleire kanalar. Kva spennande prosjekt arbeider du på no for tida?*

Som alltid vil eg invitere til å følge YouTube-kanalen min, Livsgnisten. Der finn ein veldig mykje forskjellig kristent og livsretta materiale. Eg trur

den kanalen kan vere ein god ressurs å ta med seg både om ein har ei kristen tru, eller er oppteken av åndeleg søken.

Elles arbeider eg med ein programserie tenkt for TV. Målet er at ein av dei norske TV-kanalane vil sende den i samband med påsken. Den tek føre seg kva som skjedde med Jesus i påsken.

– *Spennande, lukke til med det! Det er på tide å takka for praten – er det noko meir du gjerne ville sagt til folk i Askvoll sokn?*

Ja! At dei må vere stolte av ungdomane sine, skikkeleg flotte ungdommar! Eg er glad for at eg fekk møta dei, og håpar dei vil vere ein del av kyrkja vidare

**God natt-velsigninga som er kjent frå då Thor deltok på Farmen:**

Herren velsigne deg og bevare deg  
frå alt vondt, og føre deg til det evige livet.  
Må Jesu nåde, Guds kjærleik og  
Den Heilage Ande sitt fellesskap  
vere med deg.

Du er trygg,  
du er elska,  
du er viktig.



# Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte  
hjelpe dykk som pårørende,  
med alt som høyrer  
ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S  
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
[www.blomstertorget.no](http://www.blomstertorget.no)



**ComfortService**

*Salg, montering og service av varmepumper*

Ole Andreas Myrstad

[www.comfortservice.no](http://www.comfortservice.no)

Tlf. 906 32 818

**Panasonic**  
ideas for life



**MITSUBISHI  
ELECTRIC**

 **NOVAPGODKJENT  
FORHANDLER**

**Isovator**  
F-gass  
Sertifisering



# Endeleg er det Tid for tru

*Torsdag 4. november vart den første av fem samlingar i temaopplegget «Tid for tru» avvikla på Ljosheim. Ansvarleg er tidlegare sokneprest i Hyllestad, no prostiprest i Sunnfjord, Audun Systad. 27 personar møtte.*

Etter eitt års ufrivillig koronautsetjing har vi i Fjaler, saman med Askvoll, fyrt av første del i femtrinnsraketten «Tid for tru» – eit opplegg for vaksne i kyrkjelydane. Tru er langt frå det enklaste å gje seg i kast med å diskutere, og første samlinga hadde til overmål som tema – **Kan eg tru når eg tvilar?** Audun Systad har hatt vellukka samlingar før, mellom anna i Brekke, Hyllestad og Balestrand.

Eit brukande godt måltid var ingen dårleg start på kvelden, og etter innleiinga til Systad gjekk praten godt rundt borda i gruppearbeid og plenum. Ein lovande start ut frå mottoet «godt begynt er halvt fullendt». Kvinnene «vann» første runde, meddi berre 1/3 av dei framømte var menn. Det er plass til mange fleire, så karane må berre rydde plass i kalenderen og vere med. Andre stader har opplegget munna ut i samtalegrupper som møtest fast.

Systad tok utgangspunkt i desse tre: **punktum** = ateist, **spørjeteikn** = agnostiker og **ropeteikn** = kristen. Sjølv for ein som meiner å sokne til tredje gruppa, med eit klart ropeteikn, kan spørjeteiknet snike seg inn, til dømes når det skjer noko du ikkje ser mening i. Det er både lov og naturleg at tvil melder seg. Skråsikkerheit er ikkje alltid av det gode. Og det er slett ikkje alltid enkelt å halde fram trua si og bli akseptert for den i møte med dei som vil gjere Gud ansvarleg når til dømes sjukdom, ulukker og katastrofe rammar.

Ordet «tru» kan uttrykkje overtyding, håp og tillit. Trua er ei gåve, ikkje ein prestasjon. Trua er tryggleik og identitet. Å tru er å leve med eit håp som går utover denne verda. Fellesskapet er grunnleggjande i





den kristne trua, difor går vi i kyrkja, på møte eller treffest i andre fora.

Det hender som nemnt at ropeteiknet «krøllar seg». I samlinga på Ljosheim vart det sagt at om du trur enkelt, slepp du tvile så mykje. Og når du tviler, kven eller kva tviler du på? Deg sjølv eller på Gud? Dette og mange andre interessante innspel kom fram i diskusjonen, noko som lovar godt for dei neste samlingane. Det vart òg fortalt om ateisten som slutta seg til «ropeteikn-gruppa» siste kvelden han levde.

**Tekst og foto: Atle Lyngstad Ness**



**Samlingane er torsdagar kl. 19.00 – 21.15:**

**Torsdag 20. januar Dale**

«Eg trur på Jesus Kristus» – Frelsaren

**Torsdag 10. februar Askvoll**

«Eg trur på Den Heilage Ande» – Livgjevaren.

**Torsdag 17. mars Dale**

«Kva gjer dei kristne når dei trur?» – Det kristne livet.

**Spørsmål? Meir informasjon?**

Kontakt sokneprest i Fjaler Knut Arne Kummeneje på tlf. **908 55 230**, eller sokneprest i Askvoll Kjell O. H. Nordheim på tlf. **482 43 056**.

**Påmelding:**

I samband med enkel servering er det ei god hjelp om ein kan melde frå seinast ein dag før om ein vil delta. Like fullt er det mogeleg å møte opp uanmeldt, eller delta på nokre av kveldane.

Påmelding til kyrkjekontoret på tlf. **57 73 97 70** eller epost til [kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no).





*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen som leverer alt av blomar i anledning gravferd:*



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



*Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.*

**Fjordane**  
BEGRAVELSESBYRÅ

**- ditt byrå i Fjordane**

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

Lindbøen 2

6809 Førde

Vakttelefon 57 82 70 30

Markegt. 42


6900 Florø

Vakttelefon 57 74 31 36

Lailas Blomster

Telefon

57 73 02 95



## Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

## Finn fem feil

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finn dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



## Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00.



# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**Julaftan 24.12.2021 kl. 16.00**  
Julaftangudsteneste

**Nyttårsaftan 31.12.2021 kl. 16.00**  
Nyttårsgudsteneste

**Søndag 16.01.2022 kl. 11.00**  
Familiegudsteneste

**Søndag 30.01.2022 kl. 17.00**  
Gudsteneste

**Søndag 13.02.2022 kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 27.02.2022 kl. 17.00**  
Fastelavns-gudsteneste

**Onsdag 02.03.2022 kl. 19.00**  
Forbønsgudsteneste oskeonsdag

**Søndag 13.03.2022 kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 27.03.2022 kl. 17.45**  
Temagudsteneste med konfirmantane



## VILNES KYRKJE

**Julaftan 24.12.2021 kl. 11.30**  
Julaftangudsteneste

**Søndag 16.01.2022 kl. 13.30**  
Familiegudsteneste

**Søndag 06.02.2022 kl. 18.00**  
Kveldsgudsteneste

**Søndag 06.03.2022 kl. 11.00**  
Gudsteneste



## HOLMEDAL KYRKJE

**Julaftan 24.12.2021 kl. 14.00**  
Julaftangudsteneste

**1. nyttårsdag 2022 kl. 15.00**  
Kyrkjelydens julefest i Holmedal Bedehus

**Søndag 23.01.2022 kl. 11.00**  
Familiegudsteneste

**Søndag 20.02.2022 kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 06.03.2022 kl. 15.00**  
Gudsteneste



## KVAMMEN KAPELL

**Julaftan 24.12.2021 kl. 14.00**  
Julaftangudsteneste

**Søndag 16.01.2022 kl. 19.00**  
Familiegudsteneste

**Søndag 06.02.2022 kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 13.03.2022 kl. 19.00**  
Kveldsgudsteneste



## STONGFJORDEN KAPELL

**Søndag 02.01.2022 kl. 17.00**  
Gudsteneste



## BULANDET KAPELL

**1. juledag 25.12.2021 kl. 13.00**  
Julegudsteneste

**Søndag 30.01.2022 kl. 10.30**  
Familiegudsteneste

**Søndag 27.02.2022 kl. 10.30**  
Gudsteneste

**Søndag 20.03.2022 kl. 10.30**  
Gudsteneste

## VÆRLANDET

**Gudsteneste i Værlandet Bedehuskapell**

**Palmesundag 10.04.2022 kl. 10.30**

Sjå oppdaterte gudstenestelister på: [askvoll.kyrkja.no](http://askvoll.kyrkja.no)

Gledeleg Jul!



# Kyrkjelege handlingar



## DØYPTTE 2021

### ASKVOLL

10. oktober Gustav Fristad Haaland  
Kasper Hestvik Mork Kroken  
24. oktober Ingrid Kristine Askevold

### HOLMEDAL

17. oktober Harald Festervoll  
Signe Skogedal Gjørøy  
5. desember Johannes Åsnes Fristad

### BULANDET

14. november Dante Ignacio Leite Rojas

### KVAMMEN

21. november Ella Mandelid Engebø



## GRAVLAGDE 2021

### ASKVOLL

20. oktober Aagot Fridlaug Steinsland f. 1925  
21. oktober Alvhild Underset f. 1947  
22. oktober Bjørn Leif Høyvik f. 1944  
9. november Jostein Kjøsnes f. 1948  
11. november Nelly Helgheim f. 1920  
12. november Øystein Nordanger f. 1942

### VILNES

8. oktober Kjellaug Asborg Vilnes f. 1938  
3. desember Anna Mathilde Oddekvalv f. 1924

### GJELSVIK

30. november Magne Normann Rørvik f. 1942  
10. desember Aud Andal f. 1938

### HOLMEDAL

27. oktober Sigurd Helle f. 1948

### VÆRLANDET

28. oktober Anny Margrethe Landøy f. 1932  
2. desember Sigrun Astrid Alden f. 1941



## VIGDE 2021

### BULANDET

30. oktober Jeanette Kalvøy Landøy  
og Bjørnar Sandøy

«Lær oss å telje våre dagar  
så vi kan få visdom i hjarta».


Salme 90, vers 12.

## Digital julekonsert i Holmedal kyrkje 18. des. kl. 18.00

Konserten vert filma av Alf Vidar Snæland og sendt direkte via arr. på Facebook. Ein digital, stemningsfull julekonsert med flinke aktørar frå fjern og nær.

Vipps nr. 727153 (Holmedal kyrkje – gåve)  
til oppussing av Holmedal kyrkje og orgelet.

Arr. Henriette m/ vener, FA Askvoll, Lailas Blomster, Askesus



Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll

## DET SKJER I JULA

### JULAFTAN

Kl. 11.30 Vilnes kyrkje  
Kl. 14.00 Holmedal kyrkje  
Kl. 14.00 Kvammen kapell  
Kl. 16.00 Askvoll kyrkje  
Kl. 17.15 Askvollheimen

### JULEDAG

Kl. 13.00 Bulandet kapell

### NYTTÅRSAFTAN

Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

### NYTTÅRS DAG

Kl. 15.00 Holmedal bedehus

### ANDRE NYTTÅRS DAG

Kl. 17.00 Stongfjorden kapell



## DEN NORSKE KYRKJA

### Askvoll



#### KYRKJEVERJE

Rune Ziener

✉ kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no

☎ 479 63 319



#### KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Helleset

✉ sekretaer@askvoll.kyrkja.no

☎ 918 74 724



#### SOKNEPREST

Kjell Olav Høstaker Nordheim

✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no

☎ 482 43 056



#### KYRKJELYDSPEDAGOG

Guri Høstaker Nordheim

✉ pedagog@askvoll.kyrkja.no

☎ 481 06 298

**Dåp**  
**– ein god start på livet**

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!  
Send epost til [sekretaer@askvoll.kyrkja.no](mailto:sekretaer@askvoll.kyrkja.no), eller ring mobilnr.918 74 724

DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll sokn

### ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Askvollvegen 431, 6980 Askvoll

Telefon: 918 74 724 · E-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)

Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)

Facebook: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](https://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll).



#### Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset, Kjell Olav Høstaker Nordheim

**Leiar Askvoll sokneråd:** Jostein Gryte, tlf. 909 38 382

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

**vipps**

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til  
**692979**  
Rettleiande kr 200,-